

Referat frå Årsmøtet i Sund Turlag 7.februar 2018.

Stad: Sund folkebibliotek, Sund Senter.

På årsmøte i Sund Turlag møtte 10 medlemmar og i tillegg dei 6 styrerepresentantane, tilsaman vart dette 16 medlemmar med stemmerett. Britt Tove Skaga møtte som representant for Sund kommune.

Dagsorden:

Opning.

Leiar i Sund turlag, Reidar Vorland, ynskte velkommen til årsmøtet og foreslo Kjell Arne Vardøy som ordstyrar og møteleiar. Årsmøtet godkjente dette og Reidar Vorland gav dermed ordet vidare til Kjell Arne Vardøy.

Konstituering.

- . Innkallinga vart godkjent.
- Sidsel Frøkedal vart vald til å skrive referat.
- Ronny Sivertsen og Kari Torunn Klepsvik vart vald til å skrive under årsmeldingsreferatet/protokollen.

Årsmelding 2017.

Møteleiar leste opp årsmeldinga og den vart og delt ut til forsamlinga.

- Det vart spurd om kva hensikt teljeapparata har som er montert i Skaganeset, Sundskogen og i løypa "Ord i spreke spor". Britt Tove Skaga forklarte at desse er det Sund kommune som har kjøpt inn og fått montert. Føremålet med dei er å registrere kor mange som nyttar seg av turløypene.
- Det vart og stilt spørsmål om statistikken over innleverte Kystpass, kva som kan vere grunnen til at det er levert inn berre 123 og at det er levert ut nærare 4500 eksemplar av Kystpasset. Ikkje nokon som var tilstade hadde eit godt svar på dette.

- Eit av medlemmane kommenterte at det mangla informasjon om Dnt Fjellsportgruppa i Årsmeldinga. Dette året har det vore liten eigen aktivitet i denne gruppa, men Dnt UNG har hatt aktivitetar saman med Fjell Turlag.

- Det vart av årsmøtet etterlyst vedlikehaldsplan for turstiane. Dette spørsmålet var og oppe på forrige årsmøtet i 2017. Det vart opplyst om at vedlikehaldsplan allereie ligg inn i turskiltprosjektet. Det var og sagt at det er liten framdrift på grunn av dårleg oppslutning i dugnadsarbeidet.

- I samband med spørsmålet om dugnad vart det opplyst at det er avtalt med seniorgruppa at dei vil bidra med dugnad på turane som eignar seg til dette.

Rekneskap 2017.

- Kasserer og leiar opplyste at rekneskapen dessverre ikkje er ferdig revidert. Grunnen til dette er at det er nokre uklarheter som går tilbake til 2016-rekneskapen som ein må få klarlagt. Kasserer er i kontakt med revisor.

- Rekneskapen for 2017 vert godkjent av Årsmøtet med forbehold om revisorgodkjenning, frist vert sett til 1.april 2018 . Årsmøtet gjev styret tillit til at dette vert ordna og at rekneskapen med godkjenning vert lagt ut på nettsida til Sund Turlag så snart som mogleg og innan 1.april 2018.

- Årsmøtet ber om at det nye styret må ha eit revidert rekneskap for 2018 klart til neste årsmøte i 2019.

- Årsmøtet etterlyste budsjett, då dette er viktig når ein skal søke om midlar/tilskot.

Behandling av innkomne forslag.

1. Samanslåing av Sund Turlag og Fjell Turlag.

Det vart etterlyst dato for når ei samanslåing eventuelt skal finne stad, og om Sund kommune er eining i dette. Svar var at tidspunktet ikkje var fastsett og at saka vert jobba med i begge laga.

Det kom til ein diskusjon om fordelar, ulemper og betingelsar ved samanslåing.

- Søknader - det kan bli enklare med ett styre enn med to når det vert søkt midlar frå kommunen.

- Det kan bli vanskeleg å rekruttere medlemmar til å sitje i styret i eit større lag. Det er og no vanskeleg å få medlemmane til å stille til val.

- Det kan bli vanskeleg å få nok ressurser til å fylle alle oppgåvene til laget.

- Kanskje det er lettare å vere i ett lite miljø der ein kjem tettare inn på medlemmane.

- Det er ikkje lik type skilting i dei to kommunane. Kanskje det vert lettare å knytte saman stiane ved samanslåing.

- Korleis skal laga i desse tre kommunane samarbeide dersom det ikkje vert samanslåing.

- Det er viktig med samarbeid - ikkje berre samanslåing.
- Det er viktig å avklare rammevilkåra frå kommunen.
- Årsmøtet synes at det manglar ein del faktaopplysningar, difor er det vanskeleg å ta ei avgjerd om samanslåing no.
- Kordan skal ein ta vare på dei som har styreverv slik at dei ikkje går lei.
- I eit større lag kan det kanskje vere mogleg å få tilsetje ein person i lønna halv stilling.

Det vart lagt fram to forslag:

- Utsette vedtak om samanslåing. Dette forslaget fekk 7 stemmer.
- Vedta samanslåing. Dette forslaget fekk 9 stemmer.

Det er svært viktig at styret har ein open dialog og informerer medlemmane underveis i prosessen om samanslåing av turlaga.

2. Vedtektsendring.

Vedtektene som vart delt ut er nye forslag frå Bergen og Hordaland Turlag. Forslaga er godkjent av styret i Bergen og Hordaland Turlag.

Det kom fleire innspel til endring av vedtektene:

- Teksten i vedtektene bør vere på nynorsk.

§ 3. Årsmøte.

- Årsmøtet handsamar:

2) Revidert rekneskap. *Det er ikkje krav til autorisert revisor.* (tas inn i teksten)

Avsnitt 3, siste linje....., og skriftleg *fullmakt* må takast med på årsmøtet (i staden for tillatelse)

Alle medlemmar frå 15 år og eldre har rett til å stemme og *kan velgjast til styreverv.*

§ 7. Valkomite

-Avsnitt 3. Valkomiteen skal legge fram forslag på kandidatar til fylgjande tillitsverv: Styreleiar, styremedlemmar, *revisor.*

§ 8. Vedtekstendringar

- linje 1. For at vedtektene skal verte godkjent må minst 2/3 av dei *stemmeberettige* på årsmøtet stemme for endringane. (I staden for dei frammøtte)

§ 9. Nedlegging av Sund Turlag.

- linje 1. For at Sund Turlag skal verte lagt ned må dette verte godkjent av to årsmøter, og minst 3/4 av dei *stemmeberettigte* må stemme for dette. (I staden for dei frammøtte)

Val

Valet vart godkjent

Det vert teke inn eit styremedlem i stadenfor varamedlem.

Styret i Sund Turlag vil då ha 7 medlemmar.

Jorun Gude Aspvik, nytt styremedlem, 2 år til 2020

Rundhild Rokkan, gjenvald, 2 år til 2020

Reidar Vorland, gjenvald som leiar for 1 år til 2019

Sidsel Frøkedal, 2 år til 2019

Gro Spilde, 2 år til 2019

Sidsel Gaupholm, 2 år til 2019

Arthur Selstø, 2 år til 2019

Valnemd: Kjell Arne Vardøy, Sidsel Gaupholm og Torhild Kalgraff

Revisor: Revisor Vest.


Foredrag.

Elisabeth Eide frå Bergen og Hordaland Turlag informerte om jubileumsåret i samband med at DNT er 150 år i 2018. Vi fekk ei kort innføring i Den norske turistforening sin historie. Elisabeth informerte og om det nye systemet for hyttebooking. Vi kan no sikre plass på DNT sine hytter gjennom eit heilt nytt system, dette er tilgjengeleg på DNT sine nettsider.

Førdestraumen 20.02.2018

Referent: Sidsel Frøkedal.

Underskrift protokoll:


Ronny Sivertsen


Kari Torunn Klepsvik